

Utdanningsdirektoratet Avd Hovedkontor Oslo  
 Postboks 9359 Grønland

0135 OSLO

## Svar - Rapport for bruk av midlar til arbeid med rekruttering av lærebedrifter

Viser til brev frå Utdanningsdirektoratet 14.12.2018 der dykk ynskjer ein kort rapport som beskriver tiltak som er iverksett og korleis tiltaka fungerer saman med annet arbeid fylkeskommunen gjer for å auke antallet læreplassar.

Fylkeskommune:	Sogn og Fjordane
Rapporten er utarbeide av:	Essi Mäki
Beskrivelsen av iverksette tiltak:	<p>Sogn og Fjordane har ein målsetjing om at alle kvalifiserte søkjarar skal få ein læreplass. Det blir arbeidet i fleire områder for at me skal oppnå målet.</p> <p>Målsetjing er å opprette og ha eit systematisk samarbeid med vidaregåandeskulene i Sogn og Fjordane slik at me saman kan arbeide med rekruttering av lærebedrifter. Det blir gjort mykje godt arbeid i skulane, samtidig ser me at det er noko ulikt praksis på korleis arbeidet og tiltaka blir organisert, administrert og gjennomført. Målsetjing er å utvikle eit tett og systematisk samarbeid mellom skule og bedrift som fører til at elever får seg ein læreplass. Det er fleire tiltak som vil bli gjennomført i samband med vidaregåandeskulene. I dette arbeidet er det avgjerande med eit grundig kartleggingsarbeid for å ha eit godt bilete av situasjonen. Prosjektet har starta med utredning og kartleggingsarbeid, det er identifisert ulike utfordringar og punkter der det er forbetningspotensiale. For å lykkes med målsetjing om fleire læreplassar vurderast det som viktig at eksisterande tiltak og verkemidlar nyttast. Her vurderast det følgjande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Systematisk rekruttering av lærebedrifter og plasser - Opplæring i bruk av <a href="http://utdanning.no">utdanning.no</a> og <a href="http://finnlærebedrift.no">finnlærebedrift.no</a>. Dette inkluderer både råd og rettleiing i implementering av verktøy</li> <li>• Marknadsarbeid - Auka skulen sitt formidlingskompetanse, marknads- og rekrutteringskompetanse</li> <li>• Arbeidslivskontakt ved dei vidaregåandeskolane</li> <li>• Opprette fleire lokale netverk og utforming av formelle avtalar</li> <li>• Auka bruk av yrkesfagleg fordjuping ute i bedrifta</li> <li>• Ein detaljert årsplan og systematisere bruken av hospiteringsordninga</li> <li>• Lektor2</li> </ul> <p>Vi meiner det er viktig med systematisk arbeid med ovannemnde tiltak og at nye tiltak blir fyrst iverksette når me har fått til ein fungerande praksis av eksisterande tiltak. Sogn og Fjordane vurderer at det er ein tydeleg samanheng med rekruttering av lærebedrifter/plasser og yrkesfagleg fordjuping, hospiteringsordning, samt lektor2.</p> <p>Sogn og Fjordane har i over mange år hatt både fylkesdekkjande og lokalenettverk kring dei vidaregåandeskulene. Utfordringa har vert å få arbeidslivet til å prioritere arbeidet i nettverka. Nettverksarbeidet er også ein målsetjing i 2019. I arbeidet framover skal me sjå på organisering av</p>

	<p>nettverk. Me skal kartlegge eksisterande nettverk, korleis dei fungerer og kordan me kan ta i bruk «sovande» nettverk, samt at me skal etablere nye nettverk. Arbeidet med fleire lærebedrifter og plasser kan lykkast gjennom nettverksbygging over tid.</p> <p>Med eit grundig planlagt og gjennomført arbeid vil ein oppnå fleire fordeler som vil kome eleven til gode.</p>
Enkelt budsjett på bruk av midlane:	Hausten 2018 utlyste Sogn og Fjordane fylkeskommune ein prosjektstilling for arbeid med samfunnskontrakten. Det ble tilsett 1 person 01.desember 2018, prosjektet har ein varigheit på 3 år. Resterande midlar nyttast ut i frå behovet, budsjettet vil me leggje fram ved neste rapportering.
Effekt av tiltaka:	Utfordringa, slik me vurderer er ikkje berre mangel på lærebedrifter, men korleis få bedrifter til å ta i mot elever som har ulike utfordringar (fråvær, lave karakter, mangel på motivasjon, helseutfordringar mm.). Samstundes er det viktig å behalde nåverande lærebedrifter og ta i bruk lærebedrifter der godkjenning har utløpet. Pr. 07.01.2019 har Sogn og Fjordane fylkeskommune 506 godkjende lærebedrifter, 309 bedrifter som er godkjende, men som ikkje har lærling, samt det er 394 bedrifter der godkjenning har utløpet.
Andre erfaringar, planer for vidareføring, innspel til korleis tildelinga for 2019 bør innrettast:	

Med helsing

Sissel Brusegård  
teamleiar

Essi Annika Mäki  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Brevet sendast 08.01.2019 pr e-post til [kma@udir.no](mailto:kma@udir.no)  
Utdanningsdirektoratet Avd Hovedkontor Oslo Postboks 9359 Grønland 0135 OSLO

Kopi til: